

**Fra:** Stian Torp <Torp90@outlook.com>  
**Sendt:** søndag 18. juni 2023 20:32  
**Til:** Post Osterøy  
**Kopi:** Marit Nedreli; Tore Johan Erstad  
**Emne:** 17/10 Fossdal – Gjeld utslepp og avlaupsanlegg

Til Osterøy kommune

Eg viser til:

- Skriv frå Osterøy kommune til meg datert 08.05.2023 - «17/10 Fossdal – Gjeld utslepp og avlaupsanlegg», ref 23/1375-23/10441
- Mitt tilsvar til Osterøy kommune med vedlegg datert 22.05.2023 - 17/10 Fossdal – Gjeld utslepp og avlaupsanlegg
- Skriv frå Osterøy kommune datert 13.06.2023 «17/10 Fossdal – Gjeld utslepp og avlaupsanlegg» - ref 23/1375 - 23/13756

I siste skrivet varslar kommunen at det vert vurdert å vedta at avlaupsutsleppet frå eksisterande fritidsbustad på gnr. 17 bnr. 10 må stansast frå 26.09.2023. Grunngevinga for dette er at kommunen vil gjere vedtak om at utsleppet ikkje lengre er lovleg etter 26.09.2023, jf. ureiningsforskrifta § 12-16, 2. ledd. Vidare at kommunen vurderer å gjere fylgjande vedtak: *Eksisterande avlaupsutslepp frå fritidsbustad på gnr. 17 bnr. 10 er ikkje lengre lovleg frå 26.09.2023, jf. ureiningsforskrifta § 12-16. Du må stanse utsleppet eller etablere nytt utslepp innan 26.09.2023.*

Eg kjøpte denne eigedommen ut i frå verditakst i 2015. Det framgår av denne at bygningen er frå 1958, påbygd i 1982 og rehabilitert i 2003.

At kommunen no skal påleggja meg utbetringar for mange hundre tusen utan at det skjer i samband med evt. ein ny byggjesøknad eller at kommunen har lagt til rette for offentleg kloakk og vatn, finn eg veldig urimeleg, og vil ha ein kostnad for meg og familien som me ikkje kan handtera på noverande tidspunkt. Eg er heller ikkje kjent med at kommunen i desse dagar har eit prosjekt der ein systematisk pålegg eigebustadar og fritidsbustadar i kommunen dette.

I tillegg gir kommunen meg ein svært kort frist til 26. september med å ordna opp i dette. I denne perioden er det også ferietid.

Ut i frå både pålegg og frist, må eg derfor be om møte snarast med kommunen. Eg prøvde å nå sakshandsamar sist fredag for å avtala møtetidspunkt, men fekk ikkje svar.

Eg jobbar for tida i Bergen vest, og må derfor ha dette møtet i starten eller slutten på dagen. Her følgjer møtetidspunkt som høver meg og min rådgjevar som eg vil ha med meg på møtet:

- Torsdag 22. juni kl. 08 eller klokka 14.
- Fredag 23. juni kl. 08.